



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4621 - 23/46021

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
12.06.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden om riving av eksisterande bygningsmasse - gbnr 188/384, 188

Tiltak: Riving av eksisterande bygningsmasse
Byggjestad: Gbnr: 188/384, 188
Tiltakshavar: Orion Prosjekt As
Ansvarleg sækjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.05.2023.

Etter avtale med ansvarleg sækjar vert søknad om endring av godkjend tiltak mottatt 22.05.2023 delt slik at riving av eksisterande bygningsmasse på område BKB2 vert registrert og behandla som eiga sak. Vi forstår av samtale at det er ønskjeleg at søknaden om riving vert behandla i eitt-trinn.

Kommunen har kontrollert søknaden og har følgjande merknadar:

1. Etter gjennomgang av søknaden forstår vi at oljetank og oljeutskiljar plassert under bakken også inngår i rivingssøknaden. Då det er krav til grunnundersøkingar, og eventuelt utarbeiding og godkjenning av tiltaksplan, jf. forureningsforskrifta kap. 2, før tiltak på eigedomen kan godkjennast, tilrår vi at rivingssøknaden berre omfattar tiltak over bakken og at fjerning av oljetank og oljeutskiljar inngår i søknaden om endring av gitt rammeløyve. Det vert elles vist til føresegn 3.2.1 i områdeplanen som også set krav til grunnundersøkingar for delområde BKB2.
2. Vi legg til grunn at erklæring med samtykke frå grunneigarane datert 19.10.2022 kan leggjast til grunn for behandling av søknaden om riving også. Vi ber om at dette vert stadfesta.
3. Det går fram av pbl § 21-3 at kreditorar skal varslast ved søknad om riving dersom det er pengehefte i eigedomen. Dokumentasjon på varsel må leggjast fram.
4. Det må sendast inn oppdatert gjennomføringsplan som berre omfattar rivinga.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan **15.07.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Orion Prosjekt As

Postboks 449 Nesttun

5853

BERGEN

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ